



Envir AS
Sjøkrigsskoleveien 15
5165 Laksevåg

Rapport etter tilsyn hos Envir AS, 18. juni 2025

Kontrollnummer: 2025.011.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 18. juni og 25. juni 2025 hos Envir AS (organisasjonsnummer: 920232825). Rapporten sendt 27.06.2025 er endra etter tilbakemelding på faktiske feil frå verksemda og epost-korrespondanse 4. juli 2025. Endringane gjeld rett løyvereferanse, tekst under *Andre forhold: Verksemda har søkt om endring av løyve og Bruk av ferdig vaska massar*, og tekst under følgjande punkt under *Observasjonar på tilsynet og vår vurdering*:

- 1 Rammevilkår (avsnittet om solding),
- 3.2 Prosessvatn
- 9.6 Dokumentasjon av behandla massar og rutinar for dette (berre for delpunkt: Verksemda har ikkje rutine for blanding av massar).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda driv ikkje i tråd med alle krav i løyvet

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1.

Envir AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar) innan 1. september 2025. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

De vil bli pålagt å betale eit gebyr

Statsforvaltaren varslar at Envir AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2021/2923.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda driv ikkje i tråd med alle krav i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet gitt 17.06.2024 (løyvenummer: 2024.0498.T):

- 1 Rammevilkår
- 3.2 Prosessvatn
- 3.3 Avrenning frå vaska massar
- 9.5 Generelle krav til handtering
- 9.6 Dokumentasjon av behandla massar
- 14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

Internkontrollforskrifta § 5:

- punkt 6 om å kartlegge, vurdere og redusere risiko
- punkt 7 om rutinar og avvikshandtering

Om krava

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld for behandling av inntil 50 000 tonn avfall per år. Samla mengde avfall på området til bedrifta skal ikkje på noko tidspunkt overstige 5 000 tonn. Samla mengde ferdig produkt skal ikkje på noko tidspunkt overstige 5 000 tonn.

Tillaten behandling av avfallet er nærare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

3.2 Prosessvatn

Dersom prosessvatn etter reinsing overheld grenseverdiane i **Error! Reference source not found.**, skal det sirkulerast inn i prosessen igjen.

I tabell 3.2 er det fastsett grenseverdiar for prosessvatn ved normal drift.

3.3 Avrenning frå vaska massar

Avrenning frå massar som er ferdig vaska skal samlast opp.

9.5 Generelle krav til handtering

Lagring og behandling av avfall skal skje på tett dekke og innandørs.

Masser som har opphørt å vere avfall, skal lagrast innandørs på minimum fast dekke og adskilt frå avfall.

9.6 Dokumentasjon av behandla massar

For reinsa massar som skal gjenbrukast, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må bedriften dokumentere følgande:

- Masser skal tilfredsstillе normverdier for reine masser, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.
- Massene skal ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. vedlegg 1, av miljømessig betydning.

Det er ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdier. Forureiningsgraden i massane som er behandla skal dokumenterast i henhold til eit prøvetakingsprogram slik at ein får konstatert om massane tilfredsstillе krava nemnd over. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei aktuelle massane.

14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

I første fase av prøveperioden skal mottak, testing og dokumentasjon avgrensast til eit og eit prosjekt om gongen. I denne perioden skal verksemda teste og dokumentere reinsemetoden og korleis anlegget taklar ulike typar forureiningar, inkludert prioriterte miljøgifter og oljeforureining, samt reinseeffekten på dei typar masser som det er planlagt å ta imot ved anlegget.

I prøveperioden må det tas minimum mengdeproporsjonale døgnblandprøver av vatn som går inn i og ut av reinseanlegget. Prøvane må fordelast slik at prøvetakinga blir representativ for kvart av prosjekta i prøveperioden. Prøvane skal som minimum analyserast på stoffa i Tabell 3.1 i punkt 3.2, samt eventuelle andre relevante parametere.

Innan 4 veker etter at prøveperioden er avslutta skal verksemda sende rapport til Statsforvalteren som minst skal omfatte:

- justert prøvetakingsprogram for normal drift

Innhald av forureining i vatn som renn av frå vaska massar skal analyserast for dei same parametarar som for massane. Prøvetakinga skal vere representativ.

Internkontrollforskrifta § 5:

- punkt 6: Virksomheten skal kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene.
- punkt 7: virksomheten skal iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen. Dette skal dokumenteres skriftlig i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av virksomhetens art, aktiviteter, risikoforhold og størrelse.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

1 Rammevilkår

Verksemda overskrid grensene i løyvet til samla mengd på området. Når det gjeld årleg mengd avfall inn til anlegget per år, er grensa nådd no, og vidare mottak vil overskride grensene.

Verksemda opplyser at dei til no har tatt imot 50 000 tonn avfall for vasking. Dette er same mengd det er gitt løyve til å ta imot per år. Dei opplyser vidare at dei ved tilsynet lagra om lag 9 000 tonn massar inne og 20 000 tonn massar ute. Dette er over grensene for maksimale mengder på lager som er sett i løyvet.

Verksemda knuser stein inne, sjølv om gjeldande løyve ikkje opnar for slik aktivitet. I grunngevinga for løyvet går det fram at knusing var omsøkt, men at det ikkje vart gitt løyve til dette på grunn av manglar i støyvurderinga. Envir opplyser at det no er gjort nye vurderingar av støy som viser at aktiviteten er innanfor gjeldande støygrenser, og at dei på bakgrunn av dette på nytt har søkt om å inkludere denne aktiviteten i løyve. Statsforvaltaren har ikkje tatt stilling til støyutredninga og søknaden om endring.

Verksemda soldar reine massar ute, sjølv om det er krav til at all behandling av avfall skal skje innandørs. Dette gjeld torvmassar frå Slettebakken. Etter klage frå nabo vart dette forholdet teke opp med verksemda i september 2024, og vi påpeika til verksemda at utandørs aktivitet er brot på vilkåra i løyvet og at solding måtte avsluttast. Verksemda avslutta soldinga på det tidspunktet, men starta opp igjen i veke 22 i 2025 for å fjerne resten av haugen. Verksemda opplyser at desse massane vil vere ferdig sortert om kort tid.

3.2 Prosessvatn

Prosessvatnet overskrid grenseverdiane i tabell 3.2. Ingen av vassprøvene tekne i 2025 overheld alle grenseverdiane som er sett til gjenbruk av vatn i løyvet. Det er registrert gjentekne brot på to parametarar: TOC og benzo(a)pyren. For bly, sink, sum PAH16 og suspendert stoff har to av fem målingar i 2025 vist overskridingar. Det er påvist PFAS over grenseverdien i to av to prøver tekne i 2025. Ved siste måling (mai 2025) var innhaldet av TOC, bly, benzo(a)pyren og sum PAH16 over grenseverdiane. Det var ikkje analysert for PFAS i denne målinga.

Verksemda si løysing for å overhalde grenseverdiane baserer seg på felling av partiklar i ein fortjukker, før vatnet blir sendt til eit eige basseng før gjenbruk. Målingane blir teke to ulike plassar: før tilsetjing av flokkulent, og før vatnet går til basseng før gjenbruk.

Verksemda har skrive avvik internt ved brot på grenseverdiane, og har lista opp installasjon av ytterlegare reinsing av vatn som tiltak. Envir opplyser at dei i slutten av mai sende prøver av prosessvatnet til leverandør av reinseteknologi for vurdering av reinseløysing.

Verksemda har søkt om endra grense for TOC, men fleire av dei målte verdiane er også over grensa dei har søkt om. Statsforvaltaren har ikkje teke stilling til søknaden.

3.3 og 9.5 Generelle krav til handtering og avrenning frå vaska massar

Ferdig vaska masser er lagra ute, utan dekke og utan oppsamling av avrenning. Dette er ikkje i tråd med vilkåra i løyvet.

Om lag 20 000 tonn ferdig vaska massar er lagra ute. Desse massane er dels lagra på lausmasse med ujamn overflate, tett på kanten mot ein bekk og fjorden. 0/2 massane har rast ut i bekken, og 0/8 massar har rast ut i fjorden, sjå bilde under. Det er også lagra grovare massar ute, men desse er plassert lengre vekk frå resipienten. Envir opplyser at nokre delar av området er asfaltert, men oversikt over dette er ikkje mogleg på grunn av store mengder massar på lager.



Slik massane er lagra er det ikkje mogleg å samle opp avrenning frå massane, eller ta representative prøver av avrenninga.

Verksemda kan heller ikkje legge fram dokumentasjon på risikovurdering av lagringa på dette området, men opplyser at aktiviteten er omfatta av den generelle risikovurderinga for verksemda. Det er mellom anna ikkje vurdert fare for at ytterlegare massar vil rase ut i bekken og fjorden, særleg ved kraftig regn og ekstremvær, eller fare for at avrenning til resipient er forureina, og at forureining vert tilført resipienten eller grunnen.

Lagring ute og utan dekke eller oppsamling av avrenning er meir alvorleg fordi det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at massane er reine, sjå punkt 9.6 Dokumentasjon av behandla massar i dette avviket. Verksemda har heller ikkje analysert på representative prøver av innhald av forureining i vatn som renn av frå vaska massar i prøveperiodane slik det er krav om, og verksemda har dermed mangelfull kunnskap om innhald av forureining i avrenningsvatnet frå massane etter vasking, og om det er fare for forureining av vatn eller grunn.

9.6 Dokumentasjon av behandla massar og rutinar for dette

Verksemda kan ikkje dokumentere at alle ferdigvaska massar er reine:

Mangelfull prøvetaking av ferdigvaska massar gjer at verksemda ikkje kan dokumentere at dei finaste fraksjonane ikkje inneheld forureining over normverdi. Dei 2 siste målingane (runde 5 og runde 6) viser overskridingar for PAHer og benzo(a)pyren for fraksjonane 0,063-0,125mm, 0,125-2mm og 0-4mm. Dei fleste prøvene for 0,063-0,125 for heile driftsperioden har verdiar for benzo(a)pyren som bryt med normverdi. Basert på desse prøveresultata vurderer vi at det er sannsynleg at verksemda har levert ut forureina massar i strid med krav i løyve. Noko av dei finare

fraksjonane er levert ut til aktør som blandar det inn i kompostjord, og forureininga kan dermed ha blitt spreidd vidare.

Verksemda meiner at PAH stort sett stammar frå asfaltbitar som kjem i inngåande massar, og de har gjort analysar som viser at PAH-profilen på dei vaska massane stemmer godt overeins med PAH-profilar frå asfalt. Utgåande massar må tilfredsstille normverdiar for reine massar uavhengig av kjelda til forureininga og tiltenkt vidare bruk.

Verksemda har ikkje rutine for blanding av massar

Verksemda har ikkje skriftleg rutine for blanding av inngåande massar for å oppnå ein god vaskeprosess, slik at ferdig vaska massar vert reine, samtidig som ein unngår fortynning av forureining i finstoffet i strid med løyve. Verksemda viser til at rett blanding er viktig for å oppnå ein god vaskeprosess. Det er nødvendig å ha ein rutine for dette arbeidet, som mellom anna får fram kva kriterium som er viktig for at massane har ei blanding som gjer dei eigna for vaskeprosessen, og samtidig held seg innanfor krava sat i løyvet. Verksemda har berre eit mottaksområde der alle massar blir blanda, utan inndeling i soner/område for ulike typar massar/forureining.

Verksemda blandar kjemisk forureina massar med massar med innhald under normverdien, men som var biologisk forureina. Ved å blande kjemisk forureina massar med kjemisk reine massar vil ein oppnå ein fortynning av den kjemiske forureininga i finstoffet. Verksemda kan ikkje dokumentere at dette ikkje har ført til at ferdig vaska massar kjem under normverdien på grunn av fortynning, i strid med løyvet.

14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

Verksemda har ikkje følgt alle krava for prøveperioden. Sjølv om verksemda har teke imot massar frå enkeltprosjekt i fase 1 kan det likevel ikkje seiast at massane er vaska prosjekt for prosjekt, då massar som ikkje vart reine ved første vask vart blanda saman med massar frå neste prosjekt. Frå første prosjekt var det 70,2 tonn med kjemisk forureina massar som vart blanda inn med 608,9 tonn med biologisk forureina massar frå prosjekt 2 i neste vaskerunde. Dette er eit brot på krava for fase 1, der poenget var at verksemda skulle teste korleis anlegget taklar ulike typar forureining kvar for seg.

Verksemda har berre teke éin prøve av PFAS i vatnet i prøveperioden. Rapporten frå prøveperioden som verksemda har levert innehalda ikkje justert prøvetakingsprogram for normal drift.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren varslar at Envir AS må betale gebyr for tilsynet. På bakgrunn av venta ressursbruk tek vi sikte på å vedta eit gebyr på 51 900 kr. Dette tilsvarer sats 1 for tilsyn av inntil en dags varighet. Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få eit nytt brev med vedtak om gebyr.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De kan gi tilbakemelding på varselet

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan fredag 11. juli 2025.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Astrid Holte
- Sofie Strandby

Kontaktperson hos verksemda:

- Kolbjørn Akervold

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Envir AS Laksevåg - lagring og sortering av forureina massar (4601.0753.01)

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- handtering av avfall

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- forureiningsforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Analyser av innhald av miljøgifter i vatn, i mottatte massar og vaska massar.

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Verksemda har søkt om endring av løyve

Envir AS sende inn søknad om endring av løyve 12.11.2024. Dei søkte om endring av følgjande punkt:

- «• Øke mengde masse som tas inn til behandling fra 50 000 til 150 000 tonn pr år.
- Øke mengden avfall på mellomlager fra 5000 tonn til 8400 tonn.
- Øke mengden ferdig behandlede produkter fra 5000 tonn til 9300 tonn
- Tillatelse til å knuse stein med diameter over 90 mm slik at den også kan mates inn i jordvaskeanlegget og bli et produkt som kan gjenbrukes.
- Fjerne/evt. øke grenseverdien for TOC i rensset vann som skal gjenbrukes i Vaskeprosessen»

Auka mengd årleg mottak, auka mengd massar på lager og knusing vart også søkte om førre runde, men kunne ikkje godtakast på grunn av manglar i støyvurderinga. Den nye søknaden er ikkje teke stilling til.

Bruk av ferdig vaska massar

Verksemda undersøker om det er mogleg å bruke vaska massar til betong- og asfaltproduksjon. I gjeldande løyve er det eit krav at reinsa massar som skal gjenbrukas, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må:

- tilfredsstille normverdiane for reine massar, jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1
- ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. Vedlegg 1, av miljømessig betydning.

Basert på prøvene verksemda har teke av dei vaska fraksjonane oppfyller ikkje alle massane de har på lager kriteriet om å tilfredsstille normverdi. Dette gjeld spesielt fraksjonen 0,063-0,125mm som stort sett har overskride normverdien i heile driftsperioden.

Dersom det er vilkår i løyve de vil endre, må de søkje Statsforvaltaren om endring. Krava i dagens løyve er gjeldande for verksemda, inntil dei eventuelt er endra.

Om vurdering av avrenning frå behandla massar

Envir har tatt utlekkingsstestar som er samanlikna med grenseverdier for utlekking ved deponering av lett forureina massar som skal leverast til deponi for inert avfall. Desse grenseverdiane er laga for å ha kontroll med sigevatn frå deponi for inert avfall, og i avfallsforskrifta er det ei rekke krav til botntetting, oppsamling, behandling og overvaking av sigevatn frå slike deponi. Dei er derfor lite relevante for vurdering av avrenning frå lagring av ferdig vaska massar ute på verksemda sitt område. Avrenning frå det som skal vere reine massar skal i utgangspunktet ikkje innehalde forureining, og det er meir relevant å bruke Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016 Grenseverdier for klassifisering av vatn, sediment og biota som grunnlag. Tilstandsklasse I viser bakgrunnsverdier for vatn som ikkje er påverka. Dersom avrenninga tilfredsstiller tilstandsklasse II for ferskvatn, betyr det at vatnet ikkje har toksiske effektar. Vatn i tilstandsklasse III har kroniske effektar ved langtidseksposering, medan vatn i klasse IV har akutt toksiske effektar ved korttidseksposering.

Til informasjon har Fana Stein og Gjenvinning søkt om og fått løyve til lagring av massar som har opphørt å vere avfall ute på fast dekke på sitt anlegg i Rådalen, med krav til oppsamling og overvaking av avrenning frå lagerområdet. Det er sett krav til at vatnet ikkje skal vere forureina med prioriterte miljøgifter og ha under 30 mg/l suspendert stoff. Vatnet skal kartleggast i prøveperioden, og vi skal etter dette vurdere om det trengs grenseverdier for fleire parametar.

Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentliglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
fungerande seksjonsleiar

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE